

## **Melding frå kommunestyregruppa 2005**

### Kommunale tenester

Høgre er glad for at kommunen har vedteke tenesteerklæringar. Dette er eit viktig styringsverktøy som Høgre lenge har hatt i sitt program. Det er viktig at det heile tida er sterk fokus på kvaliteten på dei tenestene kommunen yter. I kommunestyret har Høgre teke opp spørsmål knytt til mellom anna situasjonen i skuleverket, barnehagane og på sjukeheimen.

### Den økonomiske situasjonen

Det er no brei tilslutnad til at Aurland kommune må redusera driftsutgiftene og klara seg med færre tilsette. Dette er nødvendig for å sikra ei forsvarleg drift dei komande åra.

Innstrammainga kan gjennomførast utan at det går ut over kvaliteten på tenestetilbodet

Høgre er glad for at våre synspunkt har fått gjennomslag. I tida framover vil me arbeida med å få fram detaljerte opplysningar om ressursbruk og tenestetilbod på ulike sektorar. I neste omgang kan me så vurdera om fordelinga mellom sektorane er rett.

Inntektene til kommunen varierer frå år til år. Høgre vil arbeida for eit nøkternt og stabilt utgiftsnivå. I år med auka inntekter kan me byggja opp fond eller betala ned gjeld.

### Kommunale eigedomar

Johannes Dalsbotten har leia arbeidet med få til ei meir tenleg organisering av den kommunale eigedomsmassen. Det er behov for effektiv drift og meir vedlikehald, slik det mellom anna er påvist av driftsleiar og gjennom eldrerådet sine synfaringsrapportar. Høgre vil arbeida vidare med å få til auka sal av kommunale eigedomar. Me nådde ikkje fram med konkret forslag om å selja 4-manns bustaden.

### Vern og forvaltning av naturressursar

Høgre har vore oppteken av at ein framleis må kunna driva næring i verneområda. I kommunestyret har me fått tilslutnad til at verneverdiane ikkje må vera eit hinder, men ei drivkraft i næringsutviklinga.

Høgre har og fått tilslutnad i kommunestyret til at Nærøyfjorden skal ha gode båtruter heile året, også i periodar med is på fjorden.

### Aurlandsvegen – Aurlandsfjellet

Høgre fekk tilslutnad til at kommunen går inn for å gje denne vegen riksvegstatus.

### Oppheving av 0-konsesjon

Aurland kommunestyre har vedteke å oppheva 0-konsesjonen. Dette har skjedd etter initiativ frå Høgre. Det vert no lettare å selja eigedomar og ein har fjerna ei ordning som var heilt utan positiv betydning.

### Interkommunalt samarbeid

Høgre er oppteken av at me skal få meir konkrete resultat frå det interkommunale samarbeidet. I samband med evt etablering av felles landbrukskontor, fekk Høgre gjennomslag for at det framleis skal vera kontordagar i Aurland.

### SIMAS

Høgre ser helst at avfallshandteringa vert konkurranseutsett og arbeider for å få tilslutnad til dette.

### Næringsarbeidet

Det er positivt at konsesjonsavgiftsfondet har fått ei sterkare stilling. Høgre har fått tilslutnad til at bruk av fondet til kommunale føremål i større grad skal skje i form av lån og ikkje som tilskot. I utviklingskomiteen arbeider Høgre for auka fokus på ungdommen i arbeidet med næringsutvikling.

### Investeringsprosjekt

Det vert gjennomført mange investeringsprosjekt på ulike sektorar. Høgre er glad for at ein no i større grad brukar totalentreprise. Høgre har fått gjennomslag for betre rutinar for prosjektering og ikkje minst for avslutning med byggjerekneskap.

### Innkjøp

Etter initiativ frå Høgre er det utarbeidd framlegg til nytt innkjøpsreglement som opnar for meir kjøp lokalt.

### Avgifter

Høgre arbeider for at avgiftene skal vera låge. I budsjettframlegget for 2006 er det samrøystes tilslutnad til at ein ikkje skal auka avgiftene.

### Open post – spørsmål til ordføraren

Høgre sine representantar har teke opp mange små og store saker:

- pasientrettar i samband med innlegging på sjukehus
- evt. behov for fleire sjukeheimsplassar
- servicetiltak som postkasse på rådhuset
- om samanslåing av tenesteeiningane for brann og teknisk
- administrative tiltak for å betra vaktmeistertenstene
- oppdatering av ætteboka
- evaluering av SIMAS og endring av urettferdige gebyrordningar
- kai i Gudvangen
- oppfylgjing av vedtak om å selja hus
- breibandsutbygging
- Aurland Ressursutvikling